



Tvisteløysingsnemnda

Vedtak 17/26

A har ikkje rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a.

Partar i saka

A, arbeidstakar

B [Lokasjon], arbeidsgivar

Samansetjinga i nemnda

Steffen G. Rogstad, nestleiar

Jonas Thorsdalen Wik, UNIO, fast medlem arbeidstakarsida

Andreas Dag Nilsen, KS, fast medlem arbeidsgivarsida

Vedtaksdato: 12.02.2026

Arkivreferanse: 2025/250

Saksbehandlar: Mona Ekelund

Saksbakgrunn

A er fast tilsett som sjukepleiar i stilling på 50 prosent hos B, [lokasjon], akuttmottaket.

A har vore tilsett i B sidan 01.01.2009. Ho har aleineomsorg for barn.

I e-post til arbeidsgivar den 10.11.2025 kravde A utvida stilling på grunnlag av utført meirarbeid dei siste 12 månadene, jf. arbeidsmiljølova § 14-4 a.

B avslo kravet i brev av 17.11.2025 og grunngav avslaget med at meirarbeidet ikkje var jamleg utført.

A sende saka til nemnda 30.11.2025.

Saksdokument

A har sendt følgjande til nemnda:

- to brev av 30.11.2025
- brev av 06.01.2026

B har sendt følgjande til nemnda:

- brev av 16.12.2025
- brev av 18.12.2025
- brev av 22.01.2026

Arbeidsgivar sitt syn på saka

B hevdar at A ikkje kan få medhald i kravet sitt fordi meirarbeidet ikkje har vore jamleg. Behovet for alt meirarbeidet er ikkje lenger til stades.

Meirarbeidet er ikkje jamleg utført

Det er fleire veker med opphald i meirarbeidet. Sjølv om ein ser vekk frå legitimert fråvær og avvikla ferie, er det opphald på ca. 6, 4 og 2,5 veker, i tillegg til tre opphald på 3 veker. I tillegg har A i perioden 06.–26.01.25 eit avbrot som ikkje er rekna med fordi ho har jobba 1,08 timar overtid.

Behovet for meirarbeidet er mindre enn tidlegare

Fleire tilsette i eininga har fått auka stillingsprosent. Det er difor ikkje behov for meirarbeid med unntak av fråvær på kort varsel. Sist A hadde ekstravakt var 21.10.2025 og det er ikkje avtalt fleire ekstravakter framover.

Arbeidstakar sitt syn på saka

A hevdar at ho har rett til utvida stilling med om lag 13 prosent fordi meirarbeidet har vore jamleg, med intervall på 1–2 vakter pr. månad.

A visar til at ho har vore ufrivillig deltidstilsett sidan 2011 og berre fått tilbod ei stillingsauke på 10 prosent på helg som ho måtte takka nei til.

Meirarbeidet er jamleg utført

Opphalda i meirarbeidet skuldast blant anna avslag på vakter og at ho ikkje kan hoppe på vakter på kort varsel sidan ho er aleinemor. Opphaldet på meir enn seks veker omfattar dessutan sommarferien.

Om eventuelt meirarbeid genererer overtid er ikkje arbeidstakars ansvar å ta omsyn til. Arbeidstakar bør ikkje lastas for at arbeidsgivar har fleire deltidstilsette å fordele meirarbeidet på.

Planlagde vakter bør takast med i berekninga

To vaktar som ho vart satt opp på, men ikkje fekk utført på grunn av sjukdom og eigenmelding burde telle med.

Behovet for meirarbeidet er framleis til stades

Behovet for meirarbeidet var til stade da det vert utført og på grunn av den store arbeidsbelastninga vil dette neppe endre seg vesentleg.

Det bør ikkje vektleggjast kva arbeidstakar har gjort etter berekningsperioden. Omsynet til privatlivet er årsaka til at det ikkje er planlagt fleire ekstravakter framover.

Nemnda si grunngiving

Nemnda kan avgjere tvistar om rett til utvida stilling tilsvarende faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a:

Deltidsansatte som de siste 12 måneder jevnlig har arbeidet utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgiver kan dokumentere at behovet for merarbeidet ikke lenger foreligger. Tolv månedersperioden skal beregnes med utgangspunkt i det tidspunkt arbeidstaker fremmet sitt krav.

Tolv månedersperioden

Etter ordlyden i føresegna og fast praksis i nemnda, er siste dag i tolv månedersperioden dagen før arbeidstakaren fremja kravet. A fremja kravet i e-post til arbeidsgivar 10.11.2025. Sjølv om kravet er datosett 01.11.2025, er det fyrst fremja ved e-posten 10.11.2025. Den relevante perioden (berekningsperioden) i denne saka er dermed frå og med 10.11.2024 til og med 09.11.2025.

Kva for vakter skal med?

Nemnda har kome til at dei planlagde vaktene der arbeidstakar nytta eigenmelding ikkje skal tas med i berekningsgrunnlaget.

Arbeidstakar har rett til stilling tilsvarande «faktisk arbeidstid». Berekninga skal difor gjerast på grunnlag av dei timane arbeidstakar faktisk har arbeida. Planlagde ekstravakter der arbeidstakar har vorte sjuk blir difor halde utafor berekninga. Dette er slått fast av nemnda tidlegare, sjå til dømes vedtak 35/25, 34/24, 20/24, 127/23, 131/20, 88/19 og 62/18.

Når dei to vaktene arbeidstakar var sjuk ved eigenmelding er trekt frå, står det att 230,83 timar meirarbeid i berekningsperioden.

Er meirarbeidet jamleg utført?

Nemnda har delt seg i eit fleirtal og eit mindretal.

Fleirtalet, medlemmene Rogstad og Nilsen, har kome til at meirarbeidet ikkje har vore jamleg utført. Mindretalet, medlemen Wik, har kome til at meirarbeidet har vore jamleg utført.

Det er eit vilkår at den deltidstilsette har arbeidd «jamleg» utover avtalt arbeidstid. I forarbeida (Prop. 83 L for 2012–2013) står det at ein må vurdere hyppigheit, omfang og stabilitet. Det må vere eit visst meirarbeid gjennom heile perioden, men det kan vere opphald – til dømes ferie eller sjukefråvær. Det er ikkje krav om at meirarbeidet må vere utført kvar veke eller liknande. For at «meirarbeidet i det store og hele fremstår som en etablert praksis»; er det tilstrekkeleg at det har skjedd slikt meirarbeid gjennom heile berekningsperioden, for at det vitnar om eit stabilt og varig behov hos arbeidsgivaren.

Fleirtalet har lagt vekt på at meirarbeidet ikkje har vore hyppig/stabilt nok. Det er fleire opphald i meirarbeidet som ikkje skuldast ferie eller sjukefråvær.

Fleirtalet viser til at omfanget varierer mellom 7,5 og 40,5 timar per månad og at det er fleire opphald som ikkje skuldast feire eller sjukefråvær. Fleirtalet har lagt vekt på opphald på 5,5 veker i starten på berekningsperioden, 3 veker i april og 3 veker i juli. Sett i samanheng med det forholdsvis låge omfanget på meirarbeidet, har fleirtalet kome til at vilkåret om jamleg utført meirarbeid ikkje er oppfylt. A har difor ikkje rett til utvida stilling etter § 14-4 a.

Mindretalet er av ei anna oppfatning. Meirarbeidet i denne saka går slik mindretalet oppfattar det, utover det sporadiske. Sjølv om det har vore visse svingingar i intensiteten i berekningsperioden, har ekstraarbeidet vore tilstrekkeleg jamt fordelt utover året. Mindretalet viser til at A har hatt ekstravakter mellom 7,5 og 40,5 timar kvar månad i berekningsperioden, utanom i november i starten og slutten av berekningsperioden. I det lengste opphaldet utan meirarbeid utanom dette, har ho avvikla fire veker ferie.

B har ikkje lagt fram dokumentasjon som viser at behovet for A sitt meirarbeid har vorte mindre, utover å vise til at fleire ved eininga har fått auka stilling. Mindretalet har kome til at arbeidsgivar med dette ikkje har dokumentert at behovet for meirarbeidet ikkje lenger er til stades. A har dermed rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid i tolv månadersperioden.

For å finne korrekt stillingsutviding må mindretalet berekne kor stor del meirarbeidet utgjer av ei heiltidsstilling. I ei full stilling ville A arbeidd 1668,5 timar, når ferien på 25 dagar er trekt frå. A sitt meirarbeid er 230,83 timar. A har dermed utført meirarbeid tilsvarande 13,83 prosent stilling, og dette er utvidinga mindretalet meiner A har krav på.

Steffen G. Rogstad
Nestleiar

12.02.2026